

## Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 - Budsjettforslag frå H, FrP, SL-TVØ, Krf, V, PP

	Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak	Endringsforslag				
1.	Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 slik det ligg føre.	Med følgjande endringar:				
		Konto / avdeling /prosjekt	Inntekt	Utgift		
		Tilbakeføring tilskot kyrkja		2000		
		Reduksjon tilskot Radio Sotra		75		
		Betaling av transport til og frå arbeid og aktivitetssentra for personar med nedsett funksjonsevne		200		
		Undervisningsopplegg og overnatting for 5. klasse Fjell festning		1200		
		Fysiske skulebøker		1000		
		Oppgradering utstyrsark for realfagundervisning i skulen		1000		
		Oppgradering av utstyrsark for praktisk undervisning i skulen		500		
		Spildepollen skateboardområde og lagerbygg		1300		
		Bergen omland og friluftsråd ekstraløyving		1500		
		Auke i sommarjobb for ungdom		700		
		Fysioterapeut 50% stilling med driftsavtale frå september		400		
		Miljøterapeutar i skular		1200		
		Tilskot til korps for elitesatsing		100		
		Heimetenesta årleg opptrapping		1200		
		Justering faste stillingar institusjon		10 000		
		Tilbakeføring frå vikar til faste stillingar	10 000			
		Underbudsjettering BKK		6000		
		Utvikle kompetanse og bemanningssenteret		10 000		
		Kjøp av vikartenester	10 000			
		Totalt	20 000	38375		
2.	Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 slik det ligg føre.	Med følgjande endringar:				
		Konto / avdeling /prosjekt	2025	2026	2027	2028
		Ny skule Bildøy (utsatt)		-12 000	-38 000	- 100 000
		Ny skule på Ulveseth				-15 000
		Riving av Ulveseth barnehage (Utsett)	-700			
		Bygging av ny skule på Møvik	15000	15000	100 000	100 000
		<b>SUM</b>	<b>14 300</b>	<b>3 000</b>	<b>62 000</b>	<b>-15 000</b>
		<b>Bruk av lån</b>				
3.	Skatt til kommunen vert utskrive med maksimalsatsane.					
4.	Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til diverse investeringar med kr 110 mill i 2025.					
5.	Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til vidare utlån (startlån) med kr 100 mill i 2025.					
6.	Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til vidare utlån (startlån, forsøksordning for startlån til førstegangsetablerarar) med kr 40 mill i 2025.					
7.	Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2025. For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. esktl § 4 tredje ledd.					

	Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille, jf esktl § 11 første ledd.  Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2025, jf. esktl § 10.  Eigedomsskatten vert skriven ut i fire terminar jf. esktl § 25 første ledd.  Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2023.	
8.	Gebyr og brukarbetaling, som ligg som vedlegg til budsjettet, vert gjort gjeldande for budsjett 2025.	
9.	Tilskot til Øygarden bustadforvaltning KF er på kr 700 000 for 2025.	
10.	Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 35 388 000 for 2025. I tillegg vert reinhaldstenester (verdi kr 720 000) gjeve som tenesteyting.	
11.	Øygarden kommunestyre vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 2 063 000, for 2025 i tråd med framlegg frå kontrollutvalet.	

### Verbalforslag:

12. Kommunedirektøren skal leggje fram sak i februar om vidareutvikling av kompetanse- og bemanningssenteret.

13. Kommunedirektøren skal så raskt som mogleg leggje fram sak der ein vurderer å setje ut ulike oppgåver innan eigedom, drift og vedlikehald. Saka bør avdekkje kva område som er mest aktuelle for å prøve ut ein slik modell og den økonomiske verknaden.

14. Kommunedirektøren skal leggje fram sak om forbetring av gjeldsforvaltninga for å minimere rentekostnadene over tid.

15. Kommunestyret legg til grunn at kommunen skal ha god kvalitet på omsorgstenestene. Dette er eit resultat av mange ulike faktorar som verkar saman, slik som til dømes kvalifikasjonane til helsepersonellet, institusjonsfasilitetane, leiing, sjukefråvær og organisering. Det er òg viktig å tilpasse tenestene etter kor mykje pleie som er naudsynt for den gruppa brukarar som er på den enkelte institusjonen. Hovudmålet er at brukarane skal oppleve å få god pleie og omsorg. Kommunestyret ber difor om at det vert lagt fram ei sak som vurderer desse tilhøva som grunnlag for framtidig organisering.

16. Kommunestyret ber om at skular med lite tilfredsstillande uteområde vert prioritert i investeringsprosjekt «oppgradering av uteområde skular».

17. Kommunestyret ber administrasjonen leggje fram sak om sommarope Hjeltefjorden Arena Symjehall.

18. Budsjett for framtida må synleggjere kva for vedtekne politiske prioriteringar som ikkje vert vidareførte.

19. Meirinntekter utover vedteke budsjett skal framleis disponerast av FS.

20. Starte arbeidet med fleire utleigebustader for eldre i samarbeid med private utbyggjarar.

21. Inngå partnerskapsavtale med forskingsmiljø for å opprette eit kompetansesenter i kommunen for å vidareutvikle velferdsteknologi for heimebuande eldre og menneske med funksjonsnedsetting.

22. Det vert lagt til rette for eit utdanningstilbod for helsepersonell i samband med den nye omsorgsinstitusjonen ved parkeringshuset på Straume.

23. I samarbeid med Høgskulen på Vestlandet skal det søkjast om å opprette ei treårig faglærerutdanning i vår region.
24. Det må endeleg avklarast om vidare opptrapping av aksjonscenteret på Straume, eller om ordninga skal avviklast.
25. Løyvinga til Fjell festning vert ikkje utbetalt før det ligg føre ein avtale mellom stiftarane.